

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 11.11.2016  
**SAKSHANDSAMAR:** Hilde Rudlang og Ingvill Skogseth  
**SAKA GJELD:** **Prosjekt Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019)**

**ARKIVSAK:** 2016/2590  
**STYRESAK:** 134/16

**STYREMØTE:** 07.12. 2016

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest sluttar seg til tilrådingane i sluttrapporten frå prosjekt om Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019).
2. Styret i Helse Vest ber Helse Fonna om å realisere tilrådingane og ber om statusrapport for oppfølginga etter eit år.

## Oppsummering

Prosjektet for Stord sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019) leverte sluttrapport før sommaren 2016. Rapporten var på brei høyring fram til slutten av september, og det kom inn ni høyringssvar. Styret i Helse Fonna behandla saka 27. oktober.

Rapporten og høyringsuttalene blir no lagt fram for styret i Helse Vest. Det blir her gjort greie for tilrådingane i rapporten og det blir gitt ein oversikt over høyringssvara.

Alle tilrådingane i sluttrapporten heng nøye saman, og må sjåast på som ein heilskapleg løysing. Dersom denne føresetnaden fell bort, vil ein måtte sjå på funksjonsdeling og leiingsmodell på nytt.

Det blir lagt særleg vekt på at sjukehusa i Helse Fonna skal fungere i eit forpliktande nettverk, og at føretaket skal samarbeide med kommunane og sikre eit heilskapleg og trygt tilbod til befolkninga.

## Fakta

Prosjektet Stord og Odda sjukehus i lys av føringane i Nasjonal helse- og sjukehusplan (2016-2019) blei starta opp i mars 2016. Prosjekteigar har vore Helse Vest RHF og Helse Fonna HF.

Prosjektet hadde i oppdrag å bygge på omtalen av lokalsjukehusa og deira rolla i Nasjonal helse- og sjukehusplan, og medverke til å utvikle eit framtidssretta og trygt tenestetilbod ved Odda og Stord sjukehus. Stortingets vedtak i behandlinga av sjukehusplanen og etterfølgjande føringar i føretaksmøtet blei lagt til grunn for prosjektet.

Utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus er løfta fram i Nasjonal helse- og sjukehusplan som eksempel på sjukehus i team; rett pasient til rett sjukehus. Dette prosjektet var ei stor satsing og blei basert på eit omfattande faktagrunnlag. Erfaringane med modellen har overføringsverdi til andre lokalsjukehus i landet. Prosjekt Stord sjukehus har difor bygd på modellane som blei utvikla i Helse Førde i samband med utviklingsprosjektet ved Nordfjord sjukehus, [Framtidas lokalsjukehus](#).

Prosjekt Stord og Odda sjukehus blei organisert med to prosjektgrupper - éi for Stord sjukehus og éi for Odda sjukehus, med felles mandat. I mai 2016 bestemte prosjekteigarane at prosjektet for Odda sjukehus fekk utvida mandat og forlenga prosjektperiode. Det utvida prosjektet har fått i oppdrag å levere sluttrapport innan 31. desember 2016. Ein tar sikte på å sende sluttrapport på høyring tidleg i 2017, og deretter vil sak leggast fram for styra i Helse Fonna og Helse Vest.

Prosjektgruppa for Stord sjukehus har hatt representantar frå kommunar, Helse Fonna, Helse Vest, vernetenesta, tillitsvalde og brukarar. Prosjektgruppa har vore leia av Helge Bryne, Helse Vest, med følgjande deltakarar:

Haldis Økland Lier, fagdirektør Helse Fonna  
Reidun Rasmussen Mjør, klinikkdirektør Stord, Helse Fonna  
Ralf Teetzman, klinikkoverlege Stord sjukehus  
Harry Herstad, ordførar Stord kommune  
Arne-Christian Mohn, ordførar Haugesund kommune  
Knut Johannes Gram, kommunalsjef Stord kommune  
Kim Olsen, klinikkverneombod, vernetenesta Stord  
Anne Cathrine Skaar, føretakstillitvald DNLF  
Kjetil Andre Våge, føretakstillitvald NSF  
Else Berit Ingvaldsen, brukarrepresentant Regionalt brukarutval  
Ingvill Skogseth, seniorrådgivar Helse Vest RHF

Prosjektet for Stord sjukehus leverte sluttrapport som planlagt før sommaren 2016. Rapporten blei i slutten av juni sendt på brei høyring, med frist for innspel 30. september 2016. Styret i Helse Fonna behandla saka i møte 27. oktober 2016.

## **Kommentarar**

### Stord sjukehus

Stord sjukehus har eit relativt lite pasientgrunnlag, ca. 50 000, og dekker kommunane Stord, Bømlo, Fitjar, Tysnes og Kvinnherad. Det er korte reiseavstandar til Haugesund sjukehus, men deler av opptaksområdet, som Kvinnherad, har lengre avstand inkludert ferjesamband. Delen pasientar frå eige opptaksområde som blir behandla akuttkirurgisk ved Stord sjukehus er 65 prosent. Delen pasientar frå eige opptaksområde som mottar planlagd døgnbehandling ved Stord sjukehus er 25 prosent, og varierer mellom kommunane frå 18-34 prosent.

### Tilrådingar frå prosjektet for Stord sjukehus

Rapporten gjeld primært for Stord sjukehus, men den omhandlar også til ein viss grad Odda sjukehus. Dette heng til dels saman med at prosjekta gjekk parallelt med felles mandat, men ikkje minst fordi både Stord og Odda sjukehus er del av eit samla spesialisthelsetenestetilbod i Helse Fonna, saman med Haugesund sjukehus.

Prosjektet har vist at det er særdeles viktig å bygge opp ein felles kultur i heile Helse Fonna, med felles fagleg utvikling og felles fagprosedyrar for alle tre sjukehusa. Å få på plass gjensidig forpliktande samarbeid om ei avklart oppgåvedeling, der det store sjukehuset i praksis er ei

støtte for dei mindre sjukehusa, blir vesentleg framover. Det krev godt samspel og medverknad frå medarbeidarar og leiing på alle nivå.

Tilrådingane frå ei samla prosjektgruppe blir samanfatta i 8 punkt med hovudprinsipp for utvikling av Stord sjukehus:

### **1. Stord sjukehus som akuttstjukehus**

Stord sjukehus held fram som akuttstjukehus med traumeberedskap og akuttfunksjonar innanfor både kirurgi og indremedisin. Akuttfunksjonane understøtter fødetilbodet. Helse Fonna vidareutviklar akutt- og traumefunksjonen i føretaket for å sikre ei avklart oppgåvedeling og felles rutinar mellom Stord sjukehus og Haugesund sjukehus. Dette arbeidet skal gjerast i samsvar med nasjonal traumeplan, som er under revidering. Helse Fonna vurderer å desentralisere meir av den elektive kirurgien til Stord som er nødvendig for å vedlikehalde og styrke den akutt-kirurgiske kompetansen lokalt.

### **2. Kulturbygging**

Helse Fonna legg stor vekt på å utvikle ein felles kultur - «vi»-haldning - for eit samla Helse Fonna. Stord sjukehus, Odda sjukehus og Haugesund sjukehus skal saman sikre eit godt spesialisthelsetenestetilbod til befolkninga.

### **3. Samhandling om eit heilskapleg tilbod til pasientane**

Det er sentralt å vidareutvikle samarbeidet mellom Helse Fonna og kommunane for å oppnå eit heilskapleg tilbod til pasientane. Samarbeidsavtalene mellom kommunane og Helse Fonna er nyttige verktøy i dette arbeidet. Helse Fonna vil arbeide for å etablere «ein port inn» i spesialisthelsetenesta. Det vil seie at alle tilvisingar blir vurderte slik at kapasiteten i alle sjukehusa blir sett på samla, med felles ventelister for ulike fagområde. Kommunane og Helse Fonna skal samarbeide om å vidareutvikle den akuttmedisinske kjeda for sikre befolkninga eit trygt akutttilbod. Kva for spesialisthelsetenestetilbod som finst i Helse Fonna, må kommuniserast til innbygarane og fastlegane på ein betre måte enn i dag.

### **4. Lokalt tenestetilbod**

Helse Fonna vurderer desentralisering av fleire poliklinikkar med utgangspunkt i analysar av forbruksmønster for å identifisere pasientgrupper som har behov for spesialisthelsetenester ofte, mykje og nært. Arbeide med å identifisere kva for tilbod pasientane reiser ut av føretaket for, og vurdere å bygge opp slike funksjonar lokalt.

### **5. Stadleg leiing**

Det skal vere stadleg leiing på Stord sjukehus. Stadleg leiar har i oppgave å bidra til ein felles kultur og ei felles fagleg utvikling i Helse Fonna. Det inneber medansvar for at felles prosedyrar og retningslinjer på tvers av sjukehusa som blir utarbeidd, blir implementerte..

### **6. Bemanning, rekruttering, kompetanse**

Helse Fonna styrker arbeidet med ulike tiltak for å sikre rett tilgang til rett kompetanse i

sjukehusa. Eksempel på tiltak for å oppnå fagutvikling i alle sjukehusa, er gjensidige hospiterings- og rotasjonsordningar og legge til rette for vidareutdanning. Rekruttering og vedlikehald av kompetanse heng saman. Det er ein føresetnad at medarbeidarar og leiarar bidrar til å gjennomføre dette.

## 7. Forsking og kvalitetsutvikling

Det er eit mål å styrke forskning og kvalitetsutvikling på tvers av einingar og sjukehus. Helse Fonna starter forbettringsprosjekt med utgangspunkt i resultat på nasjonale kvalitetsindikatorar med deltaking frå alle sjukehusa.

## 8. IKT-arbeid

Dei store regionale IKT-satsingane skal sikre effektiv og trygg utveksling av pasientinformasjon mellom einingane i spesialisthelsetenesta. Dette legg grunnlaget for betre samarbeid og nettverk på tvers av einingar. Alle sjukehusa skal bidra aktivt i utviklings- og implementeringsarbeidet knytt til IKT-satsingane.

### Oversikt over høyringssvar

Det er kome høyringssvar frå ni instansar. Dei fleste sluttar seg til tilrådingane i prosjektrapporten. Enkelte høyringsinstansar har i tillegg trekt fram faktorar dei meiner er særleg viktige for utviklinga av helsetenestene i både kommune og sjukehus. Høyringssvara og høyringsbrevet er lagt ved saka.

Frå	Oppsummert innhald
Bømlo kommune	Kommunestyret sluttar seg til hovudprinsippa i prosjektrapporten (pkt.1-8) og vektlegg kompetanse, kapasitet og kvalitet for å møte utviklinga i tal eldre, samt samarbeid for etablering av KAD-tilbod.
Brukarutvalet i Helse Fonna	Brukarutvalet sluttar seg til uttalen frå Regionalt brukarutval i Helse Vest (sjå dette)
Den norske legeförening v/føretakstillitsvalt	Føretakstillitsvalt for DNLF har deltatt i prosjektarbeidet. Høyringsuttalen frå DNLF har mellom anna kommentarar til informasjonsgrunnlaget om tenestetilbodet i HF-et, samanlikningsgrunnlaget med andre føretak, og om fagutvikling og kulturbygging.
Hordaland fylkeskommune	Fylkeskommunen støtter rapportens forslag om å oppretthalde sjukehusets akuttfunksjon, arbeidet for desentralisering av tenester til Stord sjukehus, og forslag om samla kompetansestrategi. Fylkeskommunen understrekar behovet for styrking av digitale tenester og offentleg tilgjengeleg informasjon om tenester og ventetider.
Kvinnherad kommune	Kvinnherad kommune støttar tilrådingane og legg vekt på god kvalitet i tilbodet.
Odda kommune	Kommunen ber om at informasjon om Odda sjukehus som kjem fram i prosjektrapporten for Stord sjukehus blir sett vekk i frå til rapporten for Odda sjukehus er klar.
Regionalt brukarutval for Helse Vest	Regionalt brukarutval vektlegg oppretthalding av kirurgitilbod og akuttfunksjonar og sluttar seg til forslaget om å flytte elektiv kirurgi til Stord sjukehus, samt forslag om felles kompetansehevingstiltak. I uttalen vektlegg brukarutvalet at spesialisthelsetenesta må endre verksemda i tråd med nye behov og endra føresetnadar for sjukehusdrift.
Samarbeidsrådet i Sunnhordland	Samarbeidsrådet sluttar seg til tilrådingane i prosjektrapporten. Samarbeidsrådet ber om garanti for at administrativ leining i Helse Vest og Helse Fonna støttar prosess om samarbeid mellom sjukehusa i HF-et og

	stadleg leiging ved Stord sjukehus.
Stord kommune	Stord kommune stiller seg bak rapporten.

### Styrebehandling i Helse Fonna

I styremøtet 27. oktober 2016 tok styret i Helse Fonna stilling til rapporten og til oppfølging av tilrådingane (sak 061/16). Det blei gjort følgjande vedtak:

1. Styret i Helse Fonna HF legg tilrådingane i rapporten til grunn for vidareutvikling av eit gjensidig samarbeid mellom sjukehusa i Helse Fonna, der sjukehusa fungerer i eit forpliktande nettverk
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør følgje opp tilrådingane i rapporten og rapportere på tiltak og gjennomføring
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør sende vedtaket til Helse Vest RHF
4. Styret ber administrerande direktør ta omsyn til dei innspel som framkom i styremøtet og ivareta dei i prosjektdirektivet.

### **Vurdering**

Med bakgrunn i tilrådingane i prosjektrapporten og høyringssvara, blir det her trekt fram forhold som det blir lagt særleg vekt på i den vidare utviklinga i Helse Fonna og ved Stord sjukehus.

#### Sjukehus i nettverk

Stord sjukehus skal inngå i ei heilskapleg spesialisthelseteneste i Helse Fonna, og ivareta eit trygt og godt tilbod til befolkninga i sjukehusområdet saman med Haugesund sjukehus. Sjukehusa i helseføretaket skal fungere saman i eit forpliktande nettverk.

Stord sjukehus er ein viktig del av den samla kapasiteten i Helse Fonna. Mellom anna er fødetilbodet ved Stord sjukehus vesentleg for det samla fødetilbodet i Helse Fonna. Det akuttkirurgiske tilbodet er ein føresetnad for å oppretthalde fødeavdelinga ved Stord sjukehus. Dei nasjonale kvalitetskrava til fødetilbodet er nedfelt i St.meld. nr.12 (2008-2009) «En gledelig begivenhet – Om en sammenhengende svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg» og Helsedirektoratet sin rettleiar «Et trygt fødetilbud» frå 2011, ligg fast. Det må sikrast at fødeavdelinga har faglege støttefunksjonar som anestesilege/anestesiteam og operasjonspersonell for akutte hendingar og keisarsnitt.

Det blir vesentleg for den vidare utviklinga av Stord sjukehus at det blir lagt stor vekt på eit gjensidig samarbeid om ei avklart oppgåvedeling i helseføretaket, der det store sjukehuset i praksis er ei støtte for dei mindre sjukehusa.

Innanfor slagbehandling er eit slik avklart samarbeid avgjerande. Styret i Helse Vest peika på dette i behandlinga av Akuttmeldinga (NOU 2015:17 «Først og fremst». Et helhetlig system for handtering av akutte sykdommer og skader utenfor sykehus») i sak 035/1629 i februar 2016. Styret meinte at ein bør sjå på om modellen i Helse Førde, med samhandling mellom dei minste sjukehusa og dei litt større sjukehusa, også bør nyttast mellom Stord sjukehus og Haugesund sjukehus i Helse Fonna. I Akuttmeldinga blir det i kapittel 13 peika på at det må skje ei reorganisering i sjukehusa innan slagbehandling.

For å bidra til denne utviklinga bør det leggst vekt på felles kompetanseutvikling, og sjå på endra oppgåvedeling og fleksibilitet på tvers av einingar og mellom sjukehusa.

### Tilbod til dei breie pasientgruppene - i samarbeid med kommunane

I dag reiser pasientar som kan få behandling ved Stord sjukehus, i relativt stor grad ut av føretaket. Pasientgrupper med vanlege sjukdommar som har behov for spesialisthelsetenester ofte og mykje, vil ha nytte av å få tenestene nært.

Helse Fonna og Stord sjukehus må i samarbeid med kommunane og fastlegane betra informasjonen til innbygarane om kva for spesialisthelsetenestetilbod som finst ved Stord sjukehus.

For å sikre det heilskaplege tilbodet til pasientane og den akuttmedisinske kjeda, som skal gi befolkninga eit trygt akutttilbod, må Helse Fonna og Stord sjukehus i saman legge vekt på å vidareutvikle samarbeidet med kommunane.

### Føresetnader for tilrådinga i sluttrapporten

Alle tilrådingane i sluttrapporten heng nøye saman, og må sjåast på som ein heilskapleg løysing. Ein føresetnad for den tilrådde vidareføringa av akuttfunksjonane ved Stord sjukehus, vil såleis mellom anna vere at tilrådingane om kulturbygging og felles fag- og kvalitetsutvikling på tvers av dei tre sjukehusa i Helse Fonna, blir følgt opp og kjem på plass.

Den sterke vektlegginga av felles kulturbygging og gjensidig samarbeid i heile helseføretaket reflekterer Nasjonal helse- og sjukehusplan sitt fokus på at sjukehusa i eit helseføretak skal fungere i eit forpliktande nettverk.

Leiinga og medarbeidarar på alle nivå i Helse Fonna må bidra til den detaljerte utforminga og implementeringa av alle tilrådingane i rapporten. Leiingslinja i føretaket må ivareta behovet for gjennomgåande leiing i Helse Fonna og for samhandling og dialog med kommunane.

Stord sjukehus skal ikkje vere ei autonom eining, men vere ein del av ei samanhengande teneste som bidrar til måloppnåing for Helse Fonna og for Helse Vest. Saman med dei andre

sjukehusa i Helse Fonna skal Stord sjukehus bidra til å sikre eit godt spesialisthelsetenestetilbod til innbyggjarane. Det er viktig at arbeidet med å sikre eit heilskapleg tilbod til pasientane skjer i nært samarbeid med kommunane i Sunnhordaland.

### Oppfølging i Helse Fonna

Vidareutvikling av eit sterkt Helse Fonna med eit breitt tilbod av spesialisthelsetenester i framtida, krev eit langsiktig utviklingsarbeid. Tilrådingane i sluttrapporten handlar om dei overordna prinsippa for vidareutvikling av Stord sjukehus, mens den detaljerte utforminga skal skje i regi av Helse Fonna.

I behandlinga av saka i styret i Helse Fonna blei det peika på at leiarskap, medarbeidarskap og erfaringsutveksling er viktige faktorar for at føretaket skal lukkast med oppfølginga av rapporten. Vidare blei det tatt opp at fagmiljøa må bli meir integrerte. Tilvisingar bør samlast slik at det ikkje er forskjellige prioriteringar og vurderingar på dei enkelte sjukehusa for same sjukdom. Pasienttryggleik og kvalitet må vere førande for utviklinga av tilbod ved sjukehusa i føretaket.

For å følgje opp rapporten blir det planlagt å starte eit prosjekt med eit tydeleg direktiv. Det går no føre seg eit utgreiingsarbeid for Odda sjukehus. Når styret i Helse Vest har handsama rapporten og tilrådinga frå prosjektet i Odda er klar (planlagt desember 2016) vil Helse Fonna utforme prosjektdirektivet i dialog med leiarar, tillitsvalde, vernetenesta, eigar og styret i Helse Fonna.

## **Konklusjon**

Alle tilrådingane i sluttrapporten frå prosjektet frå Stord sjukehus må sjåast i samanheng. Den tilrådde vidareføringa av akuttfunksjonane ved Stord sjukehus, vil avhenge av at dei andre tilrådingane i rapporten blir følgt opp.

Dette inneber at det er vesentleg med eit gjensidig samarbeid i Helse Fonna der det store sjukehuset i praksis er ei støtte for dei mindre sjukehusa.

Målet er ein felles kultur i heile Helse Fonna med felles fagleg utvikling og felles fagprosedyrar for alle tre sjukehusa. Det krev godt samspel mellom medarbeidarar og leiing på alle nivå.

Dersom desse føresetnaden for tilrådinga fell bort, vil ein måtte sjå på funksjonsdeling og leiingsmodell på nytt.

Vedlegg: Rapport frå prosjekt for Stord sjukehus